

Far etter mor

Rogalandskvinner på 16- og 1700-talet

BIRGER LINDANGER

I EI ANNA VERD

I samband med 2013 er det rimeleg å spørja seg kva posisjonar rogalandskvinnene hadde før 1913. Kven var dei egentleg? Me ser lett for oss nokre svartkledde, sjaldekkja, duknakka og blyge kvinner som sjeldan lyfta røysta si i forsamlinga. Men var det slik? Rotar me i kleskistene deira på 1800-talet, er det lett å få stadfesta dette synet. Her var nok helgedagsklede, men helst i mørke fargar.

Men går me tilbake til 16- og 1700-talet blir biletet eit anna. Då var bondekvinnene – over 90 % av rogalandskvinnene levde på landsbygda – til søndags og fest kledde i fargesprakande og gilde klede. Med sylvspenna sko og sylvbelte om livet rei bondekoner og vaksne døtre staute til kyrkje.

Og dei gifte konene hadde eit effektivt våpen i beltet – nøkkelen! Med den i handa rådde ho over ressursane på

garden. Prøvde mannen å vrista frå henne nøklane, var det skilsmissegrunn. Det var ho som bestemte når mannen – og dei andre gardsfolk – fekk eta, og kor mykje dei skulle få.

Men før me tek fatt, må me vita at formødrene våre som levde for over eit par hundre år sidan, var i ei anna verd enn vår.

Eit viktig skilje var at dauden alltid var så nær. Særleg mange liv tok dei store epidemiane av pest, tyfus, dysenteri og koppar som med nokså jamne mellomrom herja fylket. Bare ein stor dysenteriepidemi våren 1695 skal ha gjort ende på opp mot kvar sjuande rogalending. Attåt var det ei lang rekkje sjukdommar som i dag er under kontroll, men som då kunne vera døydelege: lungebetennelse, bronkitt, barsel-feber, blindtarmsbetennelse, blodforgifting, sukkersjuka, meslingar og ikkje minst tuberkulose. Opne

brønnar gjorde ende på mange unge liv og sjøen henta sine offer. Bare kvart anna barn opplevde 18-års dagen. Men blei ein fyrst vaksen, var det gode sjansar til å nå både dei 50 og 60.

MANGEL PÅ SOSIAL SIKKERHEITSNETT.

Kvar måtte sjølv pina mat or jord og sjø til seg og sine. Eit uår eller tunbrann kunne vera katastrofalt og sjukdom og død ramma hardt og kunne fjerna livsgrunnlaget også for andre enn den sjuke.

TIDSFORSTÅING.

I dag opplever dei fleste at tida går framover, har ein retning, er lineær. I gammal tid opplevde dei fleste både året og livet som syklisk. Alt gjentok seg i året og livet. Det var det same som kom igjen. Sjølv i løpet av eit liv, som oftast var kort, var det vanskeleg å sjå endringar. Frå generasjon til generasjon såg ein ikkje endringar.

Vidare levde ein i større grad enn i dag i eit mytisk univers. I mangel av vitenskaplege forklaringar tydde ein til det mytiske. Sjukdommar var eit resultat av Guds straffedom, uår kunne vera eit resultat av at ein ikkje gjorde alle slag krefter og vetter som romsterte kring ein, til lags: uburar, draugar, deildegastar, huldrer, nøkkar og mange andre vesen ein laut vakta seg for.

Endeleg var **tilhøve mellom kjønna** kanskje ikkje slik me til vanleg tenkjer oss. I historia er mannen lettast å få auga på, og det han let etter seg, er prega av kva interesser det er som opptek hans kjønn. Det er han som viser best att i dei skrivne kjeldene: på tinget, i skattelister og manntal, som representant for garden. Difor er det enklare å framstilla

han enn kvinnene. Og det sjølv om bonden oftast var eit par: husbonde og husfrue. Den eine greidde seg ikkje lenge utan den andre.



Denne bondekona frå Rogaland er ein akvarell av J. F. L. Dreier frå kring 1810. Typisk nok held ho handteinen i hendene. Sjølv når ein gjekk, burde ein ha noko å gjera.

Men leitar me, er det ikkje vanskeleg å finna gode kjelder som også viser kvinnene og kva rolle dei hadde. Under skal me bare nemna nokre av dei best tilgjengelege:

- Stavanger Domkapittels protokoll,
- arveskifteprotokollar,
- tingbøkene,
- kyrkjebøkene,
- folketeljingar
- lovbøkene
- bytollistene for Stavanger
- brev
- dagbøker
- folkeminne (segner, eventyr, folkeviser mm.)

DÅ GURI RANDA JAGA MANNEN

Det er også eit spørsmål om å tolka materialet. Og stundom finn me kjelder som verkeleg dreg jentene fram i lyset. Lat oss då ta utgangspunkt i ei skilsmisessak frå Randøy i 1611.

Folk spør somme tider koss det var med likestilling mellom kjønna i gamle dagar. Eg plar svara at om ein hadde stilt ei kvinne dette spørsmålet på 1600-talet, ville ho ikkje ha forstått problemstillinga.

Dei fleste av oss har vel ei kjensle av at kvinnene på 1600-talet her i fylket var temmeleg undertrykte. Me ser kanskje for oss ei svartkledd, sjaldekka, duknakka og audmjuk kvinne. Og kva fortel vel ikkje lovbøkene: På tinget skulle mannen vera ansvarleg for kona og møta for henne om ho hadde gjort eit kvart galt. Men trass i lova, ser me ikkje anna enn at jentene kunne møta på eigne vegne.

Prinsipielt sa lova at kvinnene skulle vera umyndige og ikkje kunne gjera større avtaler, signera kontraktar eller driva sal utan mannlege verjer. I praksis ser me rett som det er at kvinnene sjølv dreiv med kjøp og sal. I løpet av seks år sist på 1600-talet veit me om kring tusen kvinner som registrerte seg ved tollbua i Stavanger på veg til byen med varer dei hadde å selja.

Rett nok arva jentene bare halvt i høve til brørne sine. Men som enke hadde ho til liks med ein enkemann krav på halve buet. Og fekk ho følge, skulle ikkje den vera ringare enn det mannen fekk.

Det var slett ikkje alltid samsvar mellom lov og liv. I kvar-dagslivet gav skikk og bruk kvinna ein mykje sterkare posisjon enn det paragrafane kunne tyda på. Sjå bare korleis det gjekk med Ola og Guri på Randa i 1611!

Guri Sæbjørnsdotter var ikkje noka kven som helst. Ho var fødd av høgætta folk på Talgje i Sjernerøy og åtte jordegods i elleve gardar. Ho overlevde elles to menn før ho gifta seg med Ola Toresson truleg noko før 1600. Ho var då litt oppi åra og ekteskapet gjekk ikkje betre enn at ho jaga han frå garden!

Etter mange år tok i 1611 Ola mot til seg og drog til domkapitlet i Stavanger for å få dom på å flytta saman med henne att. Etter hans syn hadde ho utan grunn "*affskild sig fra hannem baade met godz oc eiendeler, saa oc met seng, disk, dug oc anden omgengelse thil forargelse oc hannem thil stor skade, spot oc forhaanelse*": Ho hadde skilt seg frå han og teke hand om gods og eigendelar, med seng, disk og duk og annan kontakt – til stor skade for han og attåt laut han ta mot både spott og forhånelse.

Guri sto difor i alle desse åra sjølv som bonde og ansvarleg på bruk 1/2 på Randa.

Guri møtte sjølv for retten, og hevda at ho var nøydd til å jaga mannen sin. Han hadde nemleg teke gardsnyklane frå henne og kunne eta når han sjølv ville "hinder Wadspurt" – utan å spørja henne. Vidare kravde ho å få rå i huset som andre koner og klaga over at mannen banka henne og drog henne i håret så ho laut røma ektesenga midt på natta.

Domkapitlet forsto klagemåla til Guri, men mekla så lenge at dei fekk sett opp ein kontrakt mellom partane tufta på skikk og bruk: "som det hør oc bør en anden dannequinde"! Såleis speglar kontrakten av korleis folk flest fyrst på 1600-talet venta at tilhøva skulle vera mellom mann og kone og ikkje kva lova påbaud.

Slik blei så kontrakten dei mellom sett opp:


Contract emellum Oluff Rando oc hans quinde Gurenæ

- 1) Alt godset deira skulle dei eiga saman og dei skulle rå over det i lag som husbonde og matmor til felles nytte og tarv.
- 2) Ho skulle rå over forråd og "utspising" til heile huslyden: han sjølv, borna, folgefolk, tenarar og gjester. Han skulle på si side skaffa det huset trong og lata henne rå i huset som seg hør og bør.
- 3) Han skulle syta for at borna hans akta og æra Guri som si eiga mor, tena henne like eins som han og få mat, klede, løn og heimfylgje av felles bu. Og ho skulle vera mot dei som dei var hennar eigne born.
- 4) Dei skulle vera samrådige ved leige av tenestefolk og vera saman om å gje dei kost og løn. Ingen av dei skulle kunna ta inn tenestefolk utan den andres vilje.
- 5) Tok Ola for mykje pengar frå buet, laut han etter dom betala det tilbake.

6) Guri nekta Ola å rå over landskylda og andre rettar av det store odelsgodset hennar, noko han som husbond meinte han hadde rett til. Dette tvistemålet blei vist til lagmannsretten for løysing.

Denne kontrakten fortel at kvinna ikkje utan vidare sto under mannen, men at ho hadde andre oppgåver. Heilt sidan vikingtida og langt inn på 1800-talet var det husfrua

som bar alle nøklane på garden i beltet sitt. Å ta dei frå henne var ei krenkjande umyndiggjering og skilsmissegrunn. Han skulle skaffa det som trongst til huset, men det var ho som rådde der.



Når ei kvinne gifta seg, fekk ho nøklane til alle låsar og alle gøymer i huset, noko som gav henne stor makt. I dei høgaste sosiale laga var nøklane symbolsk laga. Foto og illustrasjon ved Arkeologisk museum, Uis

Til henne laut både husbonden sjølv og alt anna folk gå for å få mat. Det var eit ansvar som gav makt. Mannen på si side representerte garden mot omverda og handla og skaffa heim det som trongst. Men det hende sakte at kvinna òg kunne trø inn på mannen sitt område, slik me ser at Guri sjølv sto som brukar på Randa og tok hand om si eiga landskyld. Og tenestefolka og borna laut visa henne den same vørdraden som for mannen.

Soga enda elles ikkje med denne kontrakten. Ola heldt fram med å vera valdeleg mot Guri, og året etter krev ho skilsmisse frå han. Difor heldt ho også fram som ansvarleg brukar og skattyttar for bruket sitt! Separasjonstida blei året etter forlenga med to år til utan at me veit om dei til sist verkeleg blei skilde.

FRÅ SMÅJENTE TIL VAKSEN KVINNE

Kva fortel så denne saka om kvinnerolla fyrst på 1600-talet?

Lat oss så starta med begynnelsen. Fjerdeparten av borna fall frå før året, tredjeparten døydde før seks år og halvparten før 18 år. Det vil seia at kvar familie måtte få minst fem born for at folketalet skulle halda seg stabilt.

Det vanlege på 16- og fyrst på 1700-talet var at jentene laut ut i teneste når dei runda tolv år, frå midt på 1700-talet var det gjerne 14 år som galdt. Men me finn også jenter, særleg frå husmannsplassar, som blei sende ut for å gjæta buskapen på gardane frå dei var fem – seks år. Born frå husmannsplassar laut elles gjerne ut i teneste eit par år før dei frå gardane, og tiårige tenestefolk var ikkje uvanleg. I 1701 var bare helvta av dei 13-årige gutane framleis heime, resten var i teneste.

Sidan var det å gå i teneste til foreldra døydde eller tok folge. Eller eventuelt til ein fann seg ein kjærast, som regel ein eldre enkemann. Gjennomsnitts skilnad på brurepar der kvinna gifta seg fyrste gongen, var femten år. Kor lenge jentene i snitt laut venta for å kunna gifta seg, varierte etter kvar ein er i tid. Medan gjennomsnittet låg på kring 29 år i 1690, sakk nivået til rundt 25 år etter den store dysenteriepidemien i 1695.

Utfordringa var at ein ikkje kunne gifta seg før det var tilgjengeleg levebrød – dvs. jord. Og talet på tilgjengelege bruka var nokså konstant heilt sidan høg mellomalderen. I tider med mykje folk laut ein venta lenge, i tider med lite folk slapp ein til raskare. På den måten blei også folketalet

regulert i forhold til kva fanst av leveveggar. For sanksjonane mot dei som fekk born utanfor ekteskapet var harde – og særleg då om dei skulle vera lite grann i slekt. Heilt ned til firmenningar var straffa svært hard med offentlege skrifte og harde bøter.

Fram mot 1700 blei straffene bare strengare. Fyrst på 1700-talet kunne såleis straffa for to tenestefolk som fekk born saman, vera ei bot på tolv dalarar for han og seks for henne. Det svara til tri-fire års løner som tenestefolk. Når så fattige tenestefolk ikkje makta å betala denne tunge bota, laut dei på tvangsarbeid som straffangar til bota var inntent. Det vanlege var at guten blei send til gruvene i Kongsberg og jenta til spinnehuset i Bergen. Attåt var det gapestokk ein time før og ein time etter preika tri preikesøndagar på og ein laut gå offentleg skrifte i kyrkja si. For dei som gjorde sidesprang i ekteskapet, var det dobbel bot. Med slike sanksjonar, kjempa dei fleste mot naturen i det lengste.

Men for dei fleste kom til sist tida då ein skulle gifta seg. Bondekona var då som regel tri år yngre enn husmannskona. Så er spørsmålet i kva grad det var kjærleiken som rådde.

KOSS FANN EIN KVARANDRE, OG KOSS ETABLERTE EIN SEG?

For det fyrste var det skilnad på husmanns ungdom og bondeungdom. Medan born frå husmannsplassane i større grad kunne gifta seg av kjærleik, var bondeungdommen i mykje større grad bunden opp av faste tradisjonar. Det vanlege var at foreldra bestemte kven som skulle gifta seg med kvarandre – ein 80 dalars gut gifta seg med ei 80

dalars jente. Poenget var for familiarne å styrka sine posisjonar sosialt og økonomisk. Me har fleire døme på at dei to unge ikkje ein gong hadde sett kvarandre.

Etter tradisjonen fridde ikkje dei to unge direkte til kvarandre. I staden sende foreldra til guten ut eit par belemenn som skulle forhandla med foreldra til jenta. Guten var då i det heile ikkje med, og jenta laut nok også halda seg i bakgrunnen.

Med seg hadde dei to føregangsmennene ei elskovsgåve, og attåt eit friarbrief. Heller ikkje friarbriefet oste av romantikk, men var meir som ei sjølvmelding. Om så foreldra til brura tok mot og sende gåve tilbake, var paret trulova. Så blei det drukke festarøl, det var dette som frå gammalt var pardannande. Sjølve vigsla blei halde etter tri lysingar frå preikestolen og rett innanfor kyrkjedøra.

Men det hende at parforholdet sprakk før ein var komen så langt. Ei viktig årsak kunne vera at brura sette seg på bakbeina, men ho skulle ha gode argument for å sleppa klar. Det andre var at friarbriefet var unøyaktig eller misvisande, då fekk ein lettare godkjenning for å gå frå kvarandre.

Etter festarølet var det fritt fram, og i perioden 1672 til 1820 rekna eg opp for Randaberg sokn og Sola prestegjeld at kring helvta av dei fyrstefødte kom til verda før det var gått ni månadar etter vigsla. På 1700-talet blei sjølv bryllaupet hovudsaka når to danna par og vigsla fann stad ved alteret.

Heilt sidan høgmellomalderen og kanskje endå tidlegare

drakk ein øl rituelt. Barsøl, festarøl og gravøl, heitte det.

I Gulatingslova var det påbod til bøndene om å brygga øl til jul. Sist på 1700-talet laut det brennevin til, og endå meir frå napoleonskrigane då poteta for alvor gjorde sin innmarsj. Frå 1816 var det også lov å driva heimebrenning,



Denne statuen står i Nordmandsdalen på Sjælland og framstiller ei fiskarkone frå Karmøy. Konen, klædt i en meget tarvelig Dragt, heldene op til en Klippe, staaer ligesom i Forventning ad hendes Mands Komme frå Søen, heiter det i teksten til denne statuen, som er frå kring 1760.
Foto: Norsk Folkemuseum, Sjur Fedje

det var potetene som skulle utnyttast.

Teikn på at brura var blitt husfrue, var at ho fekk hovudlin og nøklar i beltet. I botn for nyetableringa, la dei fyrst tenarløna, ofte gjennom ti år. Sidan blei det ”bedd buste”, to belemenn gjekk frå gard til gard i grannelaget og alle laut gje frå seg korn til mat og utsådd til dei nygifte. Ofte fekk dei opp til eit halvt tonn på dette viset.

Sidan fekk dei heimgjerd frå foreldra på begge sidene, det kunne vera både reiskap, buskap og kjerald som trongst, eit forskot på arv som sidan blei trekt frå.

Det neste trekket var å gje dei to forgjengarane på bruket, oftast foreldra, følge. Det dreidde seg ofte om mjølk, 185 kilo korn på kvar årleg, kjøt, smør, fri hest til kyrkje og sømeleg gravferd, for å nemna det vanlegaste. Normalt representerte følgefolka den fyrste tida eit tilskot som arbeidskraft. Elles laut dei løysa inn bygsla. Dei fleste var leiglendingar og det vanlege var å betala jordherren åtte – ti dalarar i samband med overtakinga av bruket etter dei gamle.

Etter kvart kom borna. Kvar bygd hadde såkalla hjelpekoner som hjelpte til under fødselen. For faren var det å ha klar ei tønne – 139 liter - godt øl til barsølet og til barselsingkonene. I gjennomsnitt blei borna amma eit par år – det blei rekna for å ha ein preventiv verknad. Husmannskonene amma lenger, i nyare tid heilt opp i skuleåra.

På garden hadde mann og kone ulike oppgåver og utfordringar. Kona hadde ansvaret i tunet og i husa, medan

mannen rådde i utmarka og på åkeren. Kvinnene stelte kyrne, mannen hesten og sauene.

Til fest og helg var kvinnene fargerike å sjå til. Skifteprotokollane fortel om både sylvbelte, sylvspende sko og fargerike klede, sterk raud- og blåfarge var populært. Helst skulle ein også kunna ri til kyrkje. Kvinnene sat på venstre sida i kyrkja, mennene på høgre. Det innebar at kvinnene sat på nordsida som vende mot nord der dei vonde maktene heldt til, medan mennene sat på sørsida mot sol og lyse makter.

Dette var ei kort og ikkje heilt utfyllande framstilling av kvinnerolla for 2-400 år sidan. Men det kunne vore sagt mykje meir. Til dømes kom kvinnene ofte i ein maktposisjon om mannen døydde og dei sat att som enke. Då var det dei som rådde for garden, då var det dei som blei markerte i skattelistingene. Men det var vanskeleg å greia seg utan mann, og difor vara det likevel oftast ikkje så lenge før dei gifta seg.

Ei anna sak var det for kvinnene i byane. Ikkje minst enker etter storkjøpmenn og skipsreiarar kunne få ein mektig posisjon i byen. Me konkluderar likevel med at kvinnene, før lekmannskristendommen for alvor velta inn over fylket og trass i lovverket, hadde maktposisjonar som mest virka moderne.



*Hashmeya Muhsin Hussein er leder for et av fagforbundene for energi-
arbeiderne i Irak. Foruten å møte de faglige utfordringene i et land hvor
terror, bilbomber og selvmordsbombere står på dagsorden, blir kvinnene som
tar utdanning og som går i arbeid trues og utsettes for vold og drap fra en
Taliban gerilja som arbeider under jorden og blant sivilbefolkningen. Her ser
vi Hashmeya i spissen for et demonstrasjonstog for arbeidsfolk generelt og
kvinner rettigheter spesielt. De demonstrerer med fare for eget liv.
Foto: Industri-ALL Global Union*